



**1. september var siste dagen med elvefiske i år og det er så langt rapportert inn 326 kilo vert det opplyst på heimesida til elveeigarlaget. Det betyr at det har vore ein kraftig nedgang i fisket samanlikna med dei 2 føregåande åra - 1400 kilo i 2011 og 1111 kilo i 2012.**

**Nedgangen er eit resultat av langt strengare fiskereglar som igjen kom som et resultat av åtvaringar frå eksperhald.**

Statistikken fortel likevel at ein skilde ivrige fiskarar har fått gode fangstar samla sett og ein som har hatt ein god innspurt er Arnt Erik Skjøtskift. Han har meldt inn 2 5 kilos laksar no heilt på tampen og har også fanga fleire laksar av liknande storleik tidlegare.

Før i sesongen er Jostein Almås ein av dei som har teke bra med fisk.(biletet)

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen